

LATINSKE BOKFRAGMENT FRÅ MELLOMALDEREN

KULTURARV SOM SKAPT FOR DEN DIGITALE TIDSALDEREN

foredrag på møte
19. oktober 2017

av professor Åslaug Ommundsen, Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium ved Universitetet i Bergen

I det norske Riksarkivet ligg det omlag 6000 bokfragment frå mellomalderen i eit bombesikkert rom under bakken. I andre samlingar rundt om i landet ligg det omlag 500 fragment til. Desse pergamentbitane er dyrebare kjelder til historia, og dei fortener å bli sett på som ein sentral del av norsk, nordisk – og europeisk – kulturarv. I det fylgjande skal det handle om bokfragment som kjeldemateriale, kulturarv og ressurs, og kva for moglegheiter som kan liggje i digitale rekonstruksjonar av mellomalderhandskrift, både for formidling og for forskning.

Skrift er personleg

I mellomalderen, då bøker framleis blei kopierte for hand, var kvar bok unik, både i form og, som regel, i innhald. Noko av det fundamentale i studiet av mellomalderens skriftkultur, er at skrift, i form av det skriftlege uttrykket ein kan sjå på ei bokside, er personleg. Korleis ein skriv, er ein kombinasjon av opplæring, erfaring og den enkeltes individuelle stil.

I tillegg var skrift i mellomalderen, som no, underlagt skiftande stilideal, eller ”motar” om ein vil. Utviklinga gjekk frå runde former på 800-talet (karolingisk skrift) til meir kantete skrift utover på 1200-talet (gotisk skrift), og det var også variasjonar frå stad til stad. Overgangane frå ein stil til ein annan var svært gradvise, og dermed kan handskriftsmateriale grovt sagt daterast etter kor skriftera legg seg på ei utviklingslinje frå karolingisk til gotisk. Skriftera sjølv kan altså seie noko om personen som skreiv teksten, om miljøet teksten blei til i (til ei viss grad både med omsyn til

institusjonell tilknytning og geografi), og kva tid boka eller dokumentet blei skrive.


Om ein i tillegg analyserer andre element enn skrifta, som musikknota-sjon, dekorative element, fargebruk, og så vidare, kjem me kanskje endå lenger i å tid- og stadfeste handskriftet – om det blei til i Norge, på Island, i England eller i Frankrike. Denne forma for skrift- og bokanalyse blir endå viktigare når det er snakk om å studere *fragment* av handskrifter; berre lausrivne bruddstykke av ei bok, med lausrivne bruddstykke av ein tekst, som kanskje ikkje gjev særleg meining i seg sjølv, men som kan analyserast som del av ein større kontekst.

Teksten må sjølvsgt vurderast og studerast, men det at skriftbiletet sjølv inneheld så mykje informasjon, gjer at ein forskar ikkje treng arbeide *primært* med teksten for å hente ut informasjon frå eit mellomalderhandskrift. Fragmenta som materielle kilder – kvar enkelt fragmentarisk overleverte handskrift – er viktig, sjølv om teksten er velkjent frå andre, europeiske bøker. (Når det er sagt, er det alltid spanande å finne nye ting, som me skal komme tilbake til.) Men kvifor er me så opptatt av fragment, heller enn heile handskrifter? Årsaka ligg i overleveringa av handskrifter frå mellomalderen til vår moderne tid, som me må seie kunne vore betre.

Fragmentariske kjelder

Av bøkene som blei brukte i Norge i mellomalderen, er der att 10–12 heile bøker på latin og ca. 50 på norrønt. Blant det rike fragmentmaterialet er det derimot overlevert fragment frå 1000–1200 latinske bøker, men altså berre i gjennomsnitt 6 fragment per bok.

I vår tid er det mykje snakk om gjenbruk, noko som absolutt er positivt også med hensyn til dei norske mellomalderhandskriftene så lenge ingen var interesserte i å bevare dei. På denne måten har me i det minste restar av ein del av bøkene. Fragmenta er nemleg overleverte via gjenbruk av det verdifulle pergamentet som folk brukte å skrive på i mellomalderen. I og med at pergament er laga av dyrehuder, er det mykje meir slitesterkt enn papir, og vil halde seg ”til evig tid” med mindre nokon går laus på det med kniv eller fyrstikker. Eit pergamentblad er difor ideelt som omslag eller perm (eit ord som faktisk kjem av ordet ”pergament”), eller i innbindingar av bøker eller papirhefte. Dei norske fragmenta blei i all hovudsak brukte til å binde inn rekneskap mellom 1536 og 1660, ein periode då Norge blei styrt frå København og lensherrane i Norge måtte sende årlege oversikter til Rentekammeret der. Rekneskapa blei i all hovudsak bundne inn før avsending, og blei



Figur 1: Latinske bokfragment er det mest omfattande kjeldematerialet til norsk bok- og skriftkultur i mellomalderen.



Figur 2: Eit rekneskap på papir frå Stavangerkanten bunde inn i ei liturgisk bok på pergament skriven ca. 1250. Riksarkivet. Foto: Åslaug Ommundsen.

så deponert i Rentekammerets arkiv. Etter at Norge blei uavhengig av Danmark i 1814, blei det norske arkivmaterialet overført frå København til Oslo, mellom 1820 og 1822.

I Riksarkivet finst det fragment av alle storleikar, men dei fleste er små fragmentbitar brukte til å styrke saumen i ryggen (i og med at det ikkje er ideelt å sy i papir, som lett vil revne). Fragment som er brukte som permar i eigentleg forstand, er få. Her skil vårt materiale seg frå det danske og svenske, der det ofte er snakk om heile bokblad som er sydde fast og altså dekkar sjølve papirheftet.

Dei eldste og yngste, dei største og minste

Ein av dei store fordelane med det latinske fragmentmaterialet er at det syner den store variasjonen som har funnest blant bøkene i mellomalderen. Dei aller fleste bøkene har liturgisk innhald (med nokre unnatak), men utover det finst restar av både kvardagslege bøker og praktbøker, bøker av alle aldrar og alle storleiker. Her finst for eksempel restar av dei eldste bøkene som kom til landet. Nokre få fragment kjem frå bøker som kan daterast til 900-talet, og er omtrent samtidige med kristningsforsøka til Håkon den gode Adalsteinsfostre, sonen til Harald Hårfagre. Då er me eit godt stykke tilbake i tid, og dette seier også noko om bokkorpuset som har vore i Norge då Reformasjonen kom i 1537. I kyrkjer og bokskap har det funnest bøker som på det tidspunktet har vore 5–600 år gamle og stamma frå kristningstida. Dette kan vere slike bøker som boklister frå 1300-talet omtalar som ”gamle” eller ”nesten øydelagde”. Fleire av desse gamle bøkene får tydelegvis liggje, sjølv om dei ikkje nødvendigvis er i bruk. Andre bøker var relativt ”nye” då dei blei klypte opp for gjenbruk, men ikkje lenger brukbare på grunn av dei store endringane som Reformasjonen i 1537 førte med seg.

Også når det gjeld storleiken på bøkene kan me sjå ein enorm variasjon i fragmentmaterialet (i tillegg til at fragmenta sjølv kjem i alle storleikar): Der finst fragment frå bøker i alle format, frå 13 cm til over 50 cm, det vil seie alt ifrå små bøker i lommeformat til bøker som ein helst burde vere to mann for å bære. Dette er sjølv sagt fabelaktig spanande og demonstrerer kor fleksibelt bokmediet er. Men det bør også nemnast i eit føredrag som tek opp fragment i den digitale tidsalder, at den store spennvidda er ein utfordring når bøker skal framstillast på ein skjerm: ei lita handbok vil framstå som jamstor med ei bok på ein halv meter. Så langt har me ikkje funne noka god løysing på akkurat det, anna enn at me opplyser om storleiken.

Når me no har vore inne på forskjellige aspekt ved det latinske frag-



Figur 3: Variasjonen i storleik er spanande, men er vanskeleg å få fram i framstilling av handskrifter på skjerm. (Frå venstre: Eske 54, 1,1; Lat. fragm. 668,3–4; Lat. fragm. 878,1; Lat. fragm. 681,1-5+19, alle i Riksarkivet.)

mentmaterialet, er det på tide å vende oss til dei digitale hjelpemidla, og korleis dei kan hjelpe oss både i forskning og formidling.

Nye tider: ein digital revolusjon

Bokfragmenta utgjer eit stort puslespel som langt ifrå er ferdig. Sjølv om det som nemnt er i snitt seks enkeltfragment frå kvar bok, finst det i enkelte tilfelle kanskje 20, 30, eller 50 fragment frå same handskrift, og me identifiserer stadig nye fragment. For omkring hundre år sidan blei flesteparten av fragmenta tatt av rekneskapa og lagt i konvoluttar. No er Riksarkivet nett ferdige med eit stort omorganiserings- og registreringsprosjekt, så no er sjølve oppbevaringa på linje med internasjonale retningslinjer, i syrefrie konvoluttar. Det finst også ein fullstendig database over fragmentmaterialet ved Riksarkivet. Dette arbeidet har vore eit stort løft med gunstige ringverknader på nasjonalt nivå.

Det har av naturlege grunnar ikkje vore nødvendig å prioritere fotodokumentasjon i tilknytning til Riksarkivets database. For fragmentforskarar i Bergen, derimot, som sit på andre sida av landet, ville arbeidet stanse opp utan digitale fotofiler av heile samlinga. I løpet av forskingsprosjektet ”Frå handskriftsfragment til bokhistorie” (2012–2017) fotograferte medarbeidarane (Michael Gullick, Astrid Marner, Synnøve Myking og underteikna) så å seie heile samlinga, og Universitetet i Bergen har no ei fotosamling med omkring 99 % av Riksarkivets fragment. Dette ynskjer me, med Riksarkivets godkjenning, å gjere tilgjengeleg i samband med open deling av forskingsdata, med hjelp frå Universitetsbiblioteket i Bergen. For fragmenta er der openbare fordelar med digitalisering i form av digitale foto:

- Det skånar materialet
- Det gjer det lettare å visualisere korleis fragmenta ein gong sto i forhold til kvarandre
- Det gjer det mogleg å setje saman bitar som er oppbevarte i forskjellige samlingar
- Det let brukarar bruke digitale verktøy (som zoom, bla-verktøy eller liknande)
- Det gjev allmenn tilgang til handskriftsmaterialet også utanfor landets grenser

Så både for oss som forskar på dette materialet, for Riksarkivet og for fragmenta, er den nye digitale revolusjonen ein god ting. Det gjer at fragmentkonvoluttane ikkje behøver å bli henta fram kvar gong me vil sjekke noko. I dei fleste tilfelle vil eit digitalt fotografi kunne gjere nytten. I Bergen har me brukt fotofilene saman med ei digital fragmentliste basert på den engelske paleografen Michael Gullicks handliste over fragmenta i Riksarkivet, som opprinneleg blei nedteikna i 2007 (men jamleg oppdatert med nye observasjonar). Databasar og digitale handlister er søkbare og dermed også revolusjonerande for forskinga: fragmentgrupper kan søkast fram utifrå forskjellige kriterium, og studerast eller samanliknast på skjerm, ved hjelp av digitale fotofiler.

Eit av punkta ovanfor har synt seg å vere særleg viktig, nemleg det i midten: Digitalisering gjer det mogleg å setje saman bitar som er oppbevarte i forskjellige samlingar. Dermed er det på tide å utvide perspektivet litt, og ta på oss nordiske briller.

Latinske fragment i Norden

Det gjenbruket av pergament på rekneskapshefte som me var inne på tidle-

gare, blei praktisert over heile Norden. Om me summerer talet på fragment i dei nordiske landa, kjem me opp i over 50 000: Sverige ragar øverst med ca. 22 700 fragment, deretter kjem Danmark med omkring 11 000 fragment. Finland har i overkant av 9000, me har som nemnt omkring 6500, og Island har ca. 1000 fragment (nokre av dei oppbevarte i København).



Figur 4: Forskjellen på antal fragment dei nordiske landa imellom er ganske stor.

I ein periode på rundt 15 år har me fått eit godt nordisk fragmentnettverk, ganske uformelt og lausleg strukturert (som også involverer medlemmer utanfor Norden). Eit slikt nettverk med jamleg kontakt er særst nyttig, og bidreg til at me lærer av kvarandre og ser kjeldematerialet frå eit breiare perspektiv.¹

Openberre forskjellar mellom Norge og Sverige ligg ikkje berre i talet på fragment, men også i at svenske fragment er atskillig større enn dei fleste norske. Der me i Norge kanskje behøver 10 fragment for å pusle saman eit

1. Ein sampublikasjon om nordiske fragment har nyleg komme ut: Åslaug Ommundsen og Tuomas Heikkilä (red.): *Nordic Latin Manuscript Fragments. The Destruction and Reconstruction of Medieval Books* (London and New York: Routledge, 2017).

enkeltblad, har svenskane eit dobbeltblad utan å løfte ein finger. I Sverige og Danmark har dei fragment frå bøker som har halde ekstremt høg estetisk kvalitet, bøker me berre kan drøyme om. Og heldigvis, kan eg nesten seie, kjem me ikkje utanom våre naboland i spørsmålet om latinske fragment, men er nøydde til å orientere oss i desse spanande samlingane.

Me veit at skrivarar reiste, og bøker reiste. Det me no blir meir og meir klar over, er at fragment også har reist – som fragment, altså etter at bøkene blei skorne i bitar etter Reformasjonen. Difor er fragment frå same handskrift gjerne fordelte på to, tre eller fleire arkiv og samlingar, gjerne i ulike land. Me har altså ein situasjon der me av historiske årsaker har

- Danske fragment i Norge og norske fragment i Danmark
- Danske fragment i Sverige og svenske fragment i Danmark
- Svenske fragment i Finland og finske fragment i Sverige
- Norske fragment i Sverige

I enkelte tilfelle – unntaksvis, må eg understreke – har fragment frå danske mellomalderbøker blitt frakta frå Danmark til Norge på 1600-talet, truleg for å sikre at lensherrane hadde nok pergament. I andre tilfelle – også unntaksvis, i nyare tid, har norske fragment blitt utleverte til Sverige. Dette er situasjonen forskarar må forhalde seg til, også i arbeidet med å rekonstruere bøker. Ikkje minst av den grunn er digitale verktøy så nyttige: me kan kople saman fragment frå same handskrift, som no ligg i forskjellige samlingar og forskjellige land, utan å gjere anna enn å setje saman digitale filer (med godkjenning frå eigarinstusjonane, sjølv sagt).

Virtuelle handskrift over landegrensar

I fragmentprosjektet i Bergen har me eksperimentert litt med å setje saman virtuelle handskrifter på nettsida fragment.uib.no, der ein kan finne dei to handskriftene nedanfor, og fleire. I det første eksemplet bidreg norske fragment til å utfylle eit dansk legendarium (eit handskrift med helgenlegender) frå omkring 1200, i si tid importert frå Nord-Frankrike eller Flandern.

I det andre eksemplet bidreg to svenske fragment til å utfylle eit norsk sekventiarium (eit liturgisk handskrift med festhymner til messebruk). Dei to svenske fragmenta er tidlegare identifisert og publisert av den svenske liturgiforskaren Gunilla Björkvall (2013: 311, 314, 327). Dette er likevel eit godt døme på korleis den digitale rekonstruksjonen i seg sjølv får ein til å sjå nye samanhengar, og fører til nye oppdagingar. Det har vist seg at dei to

svenske fragmenta inneheld det til no tapte første-verset av den norske Olavssekvensen *Predicasti dei care*.

Danske fragment i Norge: Eit legendarium frå Nord-Frankrike ca. 1200
I Riksarkivet finst det 16 fragment av eit legendarium frå omkring 1200. Den norske liturgiforskaren Lilli Gjerløw byrja arbeidet med å pusle handskriftet saman og kalla det *Vitae sanctorum 3* i sitt eige system for rekonstruksjon av handskrifter. Både Michael Gullick og eg identifiserte nokre fleire fragment som kunne leggjast til. I 2010 identifiserte eg eit fragment ved Universitetsbiblioteket i Lund som ein del av same handskrift, og då byrja det heile å bli litt meir komplisert. Utgangspunktet var i dette tilfellet først og fremst at skrivaren var gjenkjenneleg: når ein først hadde sett denne skrivaren i fleire fragment, var skrifta særeigen nok til at ein kunne hugse henne.



Figur 5: Ein minneverdig skrivar: Skrifta i øvste utsnitt (Riksarkivet, Lat. fragm. 6,1) er ved same person som skrifta i nedre utsnitt (Lund Universitetsbibl., fragm. 9). Sirklane markerer bokstavar og teikn som støttar skrivaridentifikasjonen på detaljnivå. Foto: Åslaug Ommundsen (øvt) og Bengt Melliander (nedst).

Etter kvart dukka ytterlegare to fragment opp i København av same skrivar, og resultatet blei altså eit legendarium (med ein tilleggstekst av same skrivar) fordelt på tre byar i tre land: Oslo, Lund og København. I tilfelle som dette, med eit så komplisert fragmentbilette, er det ekstra spanande å lage digitale dokument som gjev eit bilete av korleis dei forskjellige delane har teke seg ut i forhold til kvarandre.

Med så mange fragment får me eit visst inntrykk av innhaldet, og her er det lite som peikar mot Skandinavia. Fleire av helgenlegendene kjem frå Nord-Frankrike eller Flandern, og er for helgenar med namn som Aldegunde av Maubeuge og Sadalberga av Laon, som ikkje var særleg kjende i Skandinavia. Det kan difor synast som om dette handskriftet blei importert (eller eventuelt kopiert frå eit utanlandsk eksemplar).

Fragmenta i København er brukte som innbindingar for rekneskap frå Skåne. Dei ”danske” ilene peikar dermed mot det området, og kanskje aller helst mot Lund, som i dag ligg i Sverige, men som i mellomalderen var erkebispesetet i Danmark. Etter Reformasjonen har handskriftet blitt splitta opp, truleg i Lund, og spreidd for alle vindar. Nokre blad eller legg av boka har så truleg blitt frakta til Norge (i første omgang Bergenhus) for å bli brukte i innbindingar der.



Figur 6: Legendariet kom truleg til Lund i mellomalderen, blei gjenbrukt etter Reformasjonen og er i dag fordelt på tre land. Kart: Øyvind Lothe, Reine linjer Grafisk Design, Bergen.

Her inngår dei norske fragmenta som viktige delar av eit handskrift truleg brukt i Danmark i mellomalderen, som i seg sjølv kan vere eit interessant vitnesbyrd om dansk kontakt med Nord-Frankrike eller Flandern. Me ynskjer sjølvsagt å finne fleire fragment frå same handskrift og få endå fleire blad enn dei 11 delvis fragmentariske blada me har i dag. I Norge finst det nok ikkje så mange fleire frå akkurat dette handskriftet no, men i København finst det ganske sikkert fleire fragment, så her er det berre å leite.

Det er ein annan stor fordel med digitale medium: den dagen det dukkar opp fleire fragment, plukkar me ned det digitale handskriftet, set inn dei nye bitane og lastar det opp att. Slik kan desse virtuelle handskriftene liggje ute som "work in progress" for forskarar både innanlands og utanlands som arbeider med handskriftsmateriale, helgenmateriale eller liturgi.

Norske fragment i Sverige: Eit sekventiarium frå Trondheim frå 1400-talet. Eit anna eksempel på kor viktig det er å sjå over landegrensene, gjeld fragment frå eit handskrift som kan kallast Olavssekventariet, som truleg blei skriva i Trondheim på 1400-talet. Der finst 12 fragment i Norge (Lat. fragm.



Figur 7: Sjølv om dei fleste blada manglar, kan ein i det virtuelle handskriftet bla seg frå side til side. Den mest kjende Olavssekvensen, Lux illuxit, står på sida til høgre (Riksarkivet, Lat. fragm. 986,8). Kjelde: fragment.uib.no

986,1–12) og to i Sverige (NoFr 11,1–2). Dei to svenske fragmenta blei identifiserte som ein del av det norske handskriftet av Gunilla Björkvall, som nemnt ovanfor. Dei bevarte delane av handskriftet omfattar i alt 11 sekvensar (festhymner), blant desse to Olavssekvensar.

Eitt blad frå Olavssekventiariet blei i 2016 inkludert i Norges dokumentarv, av di det er den mest komplette kopien av Olavssekvensen *Lux illuxit* i Norge. *Lux illuxit* førekjem i omsetjing i den norske salmeboka som *Ljoset yver landet dagna*.

Kvifor finst det to fragment frå dette handskriftet i Sverige? I år 1900 blei ein del arkivmateriale overført frå Norge til Sverige. Dette gjaldt først og fremst Lensrekneskap for Trondheims len 1600–1645, som hadde med Jemtland og Herjedalen å gjere. På desse rekneskapa finst det fragment som har slektskap med andre fragment frå Trondheim. I tilfellet med Olavssekventiariet kjem dei svenske fragmenta faktisk til og med frå same blad som



*Figur 8: Om ein puslar dei svenske fragmenta (det svenske Riksarkivet NoFr 11,1–2) saman med dei norske (Riksarkivet, Lat. fragm. 986,11–12), ser ein at teksten utgjer det tapte første-verset av *Predicasti dei care*, og at denne Olavsfesthymnen eigentleg heiter *Salutamus te rex ave*. Kjelde: fragment.uib.no*

nokre av dei norske, som inneheld den mindre kjende Olavssekvensen, kjend som *Predicasti dei care*.

Predicasti dei care er eigentleg ikkje første strofe i denne vakre Olavssekvensen, og forskarar har til no gått ut ifrå at første strofe har vore ugjenkalleleg tapt. Når me får digital hjelp til puslinga blir det lettare å sjå korleis ting heng saman, og at sekvensen som er på dei svenske fragmenta faktisk er den tapte første strofen av *Predicasti dei care*. Dermed veit me no, frå hausten 2017, at denne Olavssekvensen eigentleg heiter *Salutamus te rex ave*. Den dagen me høyrer Olavssekvensen *Salutamus te rex ave* igjen klinge i sin fullstendige form i Nidarosdomen, det blir ein god dag!

Dette har vore ei lita vandring gjennom eit stadig meir digitalisert fragmentlandskap, der me berre er i startfasen med å finne ut korleis vår tids digitale hjelpemiddel kan hjelpe oss med å utforske – og presentere – kulturarven frå mellomalderen.

Litteratur

Björkqvall, Gunilla 2013. ”The Norwegian Collection of Medieval Latin Fragments in the SNA in Stockholm (the Swedish National Archives)”, i *Latin Manuscripts of Medieval Norway. Studies in memory of Lilli Gjerløw*, (red.) Espen Karlsen (Oslo: Novus), s. 307–336.

To publikasjonar som ligg til grunn for ein del av det som er uttrykt ovanfor, og som vil vere startpunkt for eitkvart studium av norske eller nordiske fragment, er:

Karlsen, Espen (red.). *Latin Manuscripts of Medieval Norway. Studies in memory of Lilli Gjerløw*, (Oslo: Novus, 2013).

Ommundsen, Åslaug og Tuomas Heikkilä (red.). *Nordic Latin Manuscript Fragments. The Destruction and Reconstruction of Medieval Books* (London and New York: Routledge, 2017).

Sjå også fragment.uib.no

